



Snu nordvest

BYGDA DANSAR

Sluttrapport for prosjektet Snu nordvest, august 2004 - august 2007

Rådet for folkemusikk og folkedans



RESULTAT

- undervist ved 19 vidaregåande skular, ca. 200 økter à 45 minutt med 2600 elevar
- rekruttert omlag 70 prosjektdeltakarar
- rekruttert lærarar, 4 unge musikarar og 6 danseførebilete til staben
- følgt opp staben med utviklingstiltak
- halde 13 helgesamlingar og 3 dagsamlingar på fylkesnivå, med gjennomsnittleg 30 deltakarar
- halde omlag 200 lokale øvingar på 7 ulike stader i fylket
- utvikla 2 danseførestillingar, manus, teater, koreografi og scenografi
- gitt 4 framsyningar av dei 2 førestillingane med totalt publikum på omlag 950 personar
- inspirert til auka profesjonell folkedansaktivitet i Møre og Romsdal
- profesjonelle frilansoppdrag med fleire av prosjektkreftene
- markert seg med gode resultat på kappleikar lokalt i Møre og Romsdal, på Jørn Hilme-stemnet og på Landskappleiken
- bidrege til at 3 deltakarar og 7 lærakrefter i prosjektet har teke høgare utdanning i dans under og etter prosjektperioden
- teke i bruk ubrukte tradisjonsdansar og ubrukt tradisjonsmusikk
- vore eit godt og alkoholfritt ungdomsmiljø
- bestått av eit stimulerande lærar-/ og instruktørmiljø
- hatt fleire medieoppslag: 2 i tv, 1 i radio og omlag 30 i trykt presse, i tillegg til mange oppslag på internett
- presentert prosjektet på International Council for Traditional Music (ICTM) sin verdskonferanse i Sheffield i august 2005
- laga webside for prosjektet

FOKUS I PROSJEKTET

- nye grep i opplæringsarbeidet
- individretta pedagogikk
- samarbeidslæring
- nytenking om scenisk presentasjon, mellom anna med moderne og afrikansk dans
- samarbeid mellom ulike faggrupper
- samarbeid mellom amatørar og profesjonelle
- analyse og utnytting av røynslar
- problemløysing og nyorientering på vegen

UTFORDRINGAR

- økonomiske utfordringar (bortfall av finansiering i 2005)
- vanskar med å halde balansen mellom teater- og dansearbeid
- mangel på gitar i prosjektet
- mangel på disponibel tid blant deltakarar og musikarar
- mangel på praktisk hjelp utanom dansearbeidet

God måloppfylgning i Snu nordvest

Kommentar av Frøydis Austigard, først trykt i «Jul i Romsdal 2007»

I Alexandraparken laurdag 21. juli opplevde eg eit av høgdepunkta under årets Jazzfestival. Og det var ikkje ein jazzkonsert, men ei premiereforestilling med ungdomar frå heile fylket vårt, som i tre år har fått grundig innføring i lokale dansetradisjonar i Møre og Romsdal. Med øvingar i eigne kommunar og i samla flokk, og med mindre framsyningar undervegs, skulle dei no syne kva dei, musikarane og instruktørane hadde skapt saman. Lærekreftene for desse ungdomane har vore topputøvarar både når det gjeld musikk, spel og dans. Og no framførte dei den sceniske presentasjonen av dansane, og ei teatersetting saman med historia om Tru og Utru.

Og for ein dans og for eit spel, og for nokre ungdomar! Vi blei dratt med av den dramatiske historia, av spelet og av dansen, av speglede og dansegledede. Dei fekk til fulle synt kor riktig det er tenkt hos Norsk Senter for folkemusikk og folkedans, med å skape ei haldningsendring til folkedans ved å pusse støvet av gamle dansar, nytenking om scenisk presentasjon og integrering av dansen og musikken. Og med premiere under Jazzfestivalen sitt program kunne ikkje dette arbeidet markerast betre i fylket vårt.

At ungdom får lære gamle dansetradisjonar gjennom nytenkinga er viktig om ein skal klare å vidareføre denne delen av kulturarven. Det er viktige kulturminne som må takast vare på også etter at «Bygda dansar» har dansa frå seg gjennom alle fylka i landet vårt.

År 2009 er Nasjonalt Kulturminneår, og då bør dansetradisjonar vere ein naturlig bit av det kommunane her i fylket skal bere fram. Vi har ein strålende bukett ungdomar med stor kompetanse og formidlingsevne på dette feltet som kan og bør brukast vidare.



Snu nordvest

Snu nordvest er det andre delprosjektet i Bygda dansar som er gjennomført. Målet med Bygda dansar er å undervise ungdom i folkedans, blant anna for å føre dei opp mot eit profesjonelt nivå innanfor sin sjanger slik at nokre av ungdommane skal kunne etablere seg som tradisjonsdansarar på frilansbasis. I tillegg vil ein utvikle gruppa til eit ensemble som skal jobbe fram ein scenepresentasjon som sluttprodukt for arbeidet. Målgruppa for prosjektet er ungdom i aldersgruppa som svarar til vidaregåande skule.

Snu nordvest er namnet på prosjektet i Møre og Romsdal, som starta opp hausten 2004. Tidleg på sommaren vart det klart at prosjektet hadde fått finansieringa i orden ut første halvåret som neste fylke ut i Bygda dansar. På hausten byrja rekruttering av ungdom til prosjektet. Snu nordvest varte i tre år.

Snu nordvest er finansiert av Kultur- og kyrkjedepartementet, med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune, og Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Rff-sentret). Prosjektet vart drive i eit samarbeid mellom Rff-sentret, Møre og Romsdal folkemusikklag og ungdomslaga i fylket. Norsk kulturråd gav dessutan ei løyving til å hjelpe overgangen mellom Fjordapuls og Snu nordvest. Dagleg leiar ved Rff-sentret, Egil Bakka, var prosjektansvarleg, Sigurd Johan Heide prosjektleiar og Live Karin Liaskar var lokal prosjektmedarbeidar. Sigurd Johan Heide og Live Karin Liaskar var undervisningsleiarar og hovudinstruktørar i prosjektet. Britt Elise Skram var musikalsk leiar. Silje Sølvberg førde rekneskapen for prosjektet.

Det har blitt lagt ned arbeidsinnsats frå dei fagtilsette ved Rff-sentret i prosjektet. Bjørn Aksdal, Erling Flem og Ivar Mogstad har vore aktive for å hjelpe Snu nordvest og muskarane Britt Elise Skram, Jonas Hoksnes og Ingunn Linge Valdahl med å finne slåttar og med å vurdere tradisjonell spelestil til bruk i prosjektet. Egil Bakka, Erling Flem og Siri Mæland har vore med som rettleiarar i dansespørsmål, analysar og vurdering av

tradisjonsmateriale og lagt strategiar for dette arbeidet saman med Sigurd Johan Heide og Live Karin Liaskar.

Kjell Klausen og Sigurd Aae Klausen bidrog med regi og teaterinstruksjon på førestillinga «Lykkejegeren» våren 2006. Leif Stinnerbom hadde regien og Jakob Hultcrantz Hansson var regiassistent på slutførestillinga «Tru og Utru». Inger Stinnerbom var kostymeansvarleg.

I tillegg til samarbeidet med Rff-sentret og teaterinstruktørane har Snu nordvest-leiinga oppdatert seg og henta inspirasjon gjennom bacheloremne i dansevitenskap, deltaking på «Samdans? Folkedans og scenedans møtest» i Oslo og International Council for Traditional Music (ICTM) si studiegruppe i Etnokoreologi i Cluj i Romania.



Presentasjon av prosjektet
Prosjektet fekk nye nettsider hausten 2005, og dei vart ofte oppdaterte med nytt og artiklar frå prosjektleiinga. Snu nordvest-leiinga deltok i august 2005 på ICTM sin verdskonferanse i Sheffield i England, og heldt der foredrag om strategiane i prosjektet.



Planlegging og kontakt med miljøet i Møre og Romsdal

Snu nordvest starta formelt opp i august 2004. Hausten 2004 starta prosjektleiinga å gå gjennom tradisjonsmateriale og pedagogiske prinsipp i prosjektet. I tillegg planla Live Karin Liaskar og Sigurd Heide ein skuleturné som dei skulle gjennomføre i Møre og Romsdal.

Kontakten med ungdomslaga og ressurspersonane var god den hausten prosjektet starta opp. Rff-sentret og prosjektleiinga hadde ei samling på Romsdalsmuseet i Molde ei helg i august 2004, der folk frå ungdomslaga og spelemannslaga i Møre og Romsdal vart inviterte til å kome med innspel.

I løpet av denne samlinga vart tradisjonsmaterialet, pedagogiske prinsipp, og strategiar og mål for Snu nordvest gjennomgått. Egil Bakka, Sigurd Heide og Live Karin Liaskar var tilstades frå prosjektleiinga. Erling Flem var òg tilstades og dokumenterte delar av samlinga på film. Prosjektleiinga gjennomgjekk bakgrunnen for prosjektet, metodane dei skulle bruke i innlæring av dansen, og dei hadde i tillegg praktiske øvingar med deltakarane. Frå dette møtet vart det skipa kontaktgrupper frå kvar del av fylket og ei pressegruppe som skulle hjelpe til med å få god publisitet. Prosjektleiinga fekk dessutan sett kva miljøet hadde å tilby av ressursar.



Nokre av ressurspersonane samla ved matbordet på Molde museum

Skuleturné

Live Karin Liaskar og Sigurd Johan Heide var på turné i dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal hausten 2004. Dei underviste

Turné og rekruttering

særleg grunnkurselevar (1. klasse vgs.), men og ein del elevar frå 9. og 10. klasse i ungdomsskulen og 2. klasse i vidaregåande skule. Dei fleste skulane hadde slått saman klasser slik at det var grupper på mellom 30 og 50 elevar. Det vart brukt spelemenn på stort sett heile turneen. Felespelaren Britt Elise Skram, som også er musikkansvarleg i prosjektet, var med mesteparten av tida. Elles var følgjande personar med: Vidar Underseth, Britt Pernille Frøholm, Sindre Vatnehol, Liv Fridtun og Elin Dyrskog.

Snu nordvest underviste tradisjonsdansar frå Møre og Romsdal til omlag 2100 elevar på følgjande skular: Kristiansund vgs, Sunndalen vgs, Surnadal vgs, Fræna vgs, Ålesund vgs, Spjelkavik vgs, Haram vgs, Stranda vgs, Ålesund maritime, Ørskog vgs, Sykkylven vgs, Sykkylven ungdomsskule, Fagerlia vgs, Molde vgs, Romsdal vgs, Bergmo ungdomsskule og Tingvoll ungdomsskule. Dei fleste av elevane vi møtte, hadde aldri trødd eit dansesteg før, og for mange var dette det første møtet med dei eldste dansane i fylket.



Prosjektleiinga som reiste rundt, opplevde at undervisninga vart svært godt motteke av lærarar og elevar. Både gutar og jenter fekk utfordringar, sjansen til å kunne utfolde seg, og moglegheit for ei fysisk kontakt som elles ikkje er så vanleg i skulen i dag. Undervisninga dekte dei sentrale måla for dans i den vidaregåande skulen, og gav elevane praktisk erfaring med ein del av den lokale kulturen i Møre og Romsdal. Samtidig fekk vi inntrykk av at dette var med på å skape eit positivt miljø blant elevane. Prosjektet fekk også svært stor pressedekking med eit par tv-innslag og mange reportasjar i avisene.



Kutt i støtte og konsekvensar av dette Snu nordvest hadde ca. 150 ungdommar som var interesserte i vidare deltaking etter skuleturneen i Møre og Romsdal hausten 2004, og vi hadde planlagt ei helgesamling i byrjinga av desember. Dessverre kom ikkje den auken i løyving som ein trong for å kunne drive prosjektet for fullt i 2005. Etter diverse hektisk møteverksemd og gjennomgang av økonomien, valde prosjektleiinga likevel ikkje å leggje ned prosjektet, men prøvde å halde det oppe mest mogleg på halv drift. Prosjektleiaren heldt fram i stillinga si, medan den lokale prosjektmedarbeidaren gjekk ned til arbeid på timebasis.

Vi la ned mykje arbeid i å finne alternativ finansiering, utan særleg hell. Det vart lagt opp til eit samarbeid med andre institusjonar for å kunne møte miljøet i Møre og Romsdal; vi la strategiar for å treffe ungdommane og halde på interessa deira, sjølv om det ikkje var økonomi til stor innsats.

Turné og lokale besøk

Vi var opptekne av å kunne møte miljøet og ungdommane raskt etter at vi hadde avlyst ei fylkessamling i desember 2004, og gjennomførde derfor ein miniturné i januar/februar 2005 og fekk plass på Kulturtorget i Molde. Kulturtorget er ein møteplass for formidlingsnettverket i Møre og Romsdal; eit årleg arrangement der det møtest mellom 500 og 600 personar, inkludert besøk frå andre fylke. Alle kommunane var representerte, dei fleste med fleire representantar.

Snu nordvest, med Britt Elise Skram, Live Karin Liaskar og Sigurd J. Heide møtte der og viste fram eit «stunt» med halling og springar. Innslaget vart svært godt motteke, og vi fekk mediedekking av NRK Møre og Romsdal. Her fekk vi marknadsført og presentert prosjektet, etablert ein del uformelle kontaktar og utveksla erfaringar med andre kulturinteresserte, og kostnadene vart dekkja av fylket. Vi fekk fleire førespurnader etter dette frå folk som hadde sett oss der.

I dagane før og etter Kulturtorget reiste vi rundt på utvalde skuler der vi trudde vi kunne rekruttere ein del ungdommar til prosjektet, fordi svært mange av dei vi rekrutterte hausten 2004, miste interessa då vi laut avlyse helgesamlinga i desember.

Statsbudsjettet for 2006 gav endeleg auke i løyvinga til Bygda dansar, og arbeidet kunne starte att for fullt. No måtte Snu nordvest på «beina» igjen etter den minimale finansieringa året før. Vi måtte derfor halde fram med rekruttering og øvingar. Vi gjennomførte ein miniturné og viste nok ein gong fram Snu nordvest sine idear på Kulturtorget i Molde. Prosjektleiinga ved Live Karin Liaskar, Britt Elise Skram og Sigurd Johan Heide jobba her fram eit innslag saman med ei skuleklasse frå musikklinja ved Molde vidaregåande skule. Vi rekrutterte 4 av ungdommane frå denne skuleklassa. I tillegg starta vi opp med lokale grupper.

Sigurd Johan Heide og Live Karin Liaskar var på ein mini-instruksjonsturné frå 2. til 10. oktober i Romsdal og på Nordmøre. I tillegg til å ha undervising på skular i Aukra og Eide, besøkte dei den lokale gruppa i Molde.

Snu nordvest tok frå hausten 2006 berre inn ungdommar som hadde ein del danseerfaring frå før sidan dei andre ungdommane i prosjektet på dette tidspunktet hadde tileigna seg ein god del dansedugleik. Våren 2007 jobba Snu nordvest med ungdommane som skulle vere med i slutførestillinga.



Instruksjon ute på Helland skule

Helgsamlingar

15. og 16. april 2005 samla vi ungdommane til ei samling på Helland skule i Vestnes kommune. Litt over 20 ungdommar, stort sett frå Sunnmøre, fekk grunnleggjande danseundervising, og vi i prosjektleinga følte at dette var ein god start på helgesamlingane. Spellkvinne var Britt-Elise Skram. Live K. Liaskar, Erling Flem og Sigurd J. Heide stod for instruksjonen. Egil Bakka var òg med på denne samlinga. Snu nordvest arrangerte ei helgesamling på hytta til UL Ivar Aasen 11.-12. november 2005, med ca. 20 deltakarar, også denne gongen flesteparten frå Sunnmøre. Vi heldt fram med grunnlagstrening og tradisjonsdans frå Møre og Romsdal, og hadde no fått ei lita, men flink kjerne av ungdommar i prosjektet.

I 2006 arrangerte Snu nordvest 7 helgesamlingar og 2 dagsamlingar. Samlingane var på Vikebukta i Vestnes, Hjartåbygda i Volda, Fosnavåg i Herøy, Helland i Vestnes (2 stk.), Ålesund og Volda. Samlingane i januar og i september 2006 blei brukte til rein dansetrening, medan dei andre samlingane blei brukte til danseteaterøving til høvesvis «Lykkejegeren» og «Tru og Utru». Tilsaman var det 195 deltakarar på samlingane i 2006.

Våren 2007 arrangerte Snu nordvest 4 helgesamlingar og 2 dagsamlingar. Samlingane var på Meisingset, i Sykkylven, i Fosnavåg og i Ørsta (før-premieren). Alle samlingane vart brukte til produksjonsdagar for «Tru og Utru», og på samlinga i Ørsta hadde Snu nord vest før-premiere på stykket.

Britt Elise Skram, Ingunn Linge Valdal og Jonas Hoksnes var musikarar på dei fleste samlingane. Leiv Arne Nydal var spelman på den første samlinga. Dansearbeidet vart styrt av prosjektleinga som også hadde hovuddelen av undervisinga. Erling Flem underviste på fleire av samlingane. I tillegg hadde ein med lokale instruktørar og unge førebilete frå fylket på samlingane for å oppdatere dei på dansearbeidet og hjelpe til med å få ungdommane opp på eit høgare nivå.

Lokale grupper

Snu nordvest hadde 6 lokale grupper i drift i 2006 på Tingvoll, i Molde, i Ålesund, i Sykkylven, i Volda/Ørsta og i Fosnavåg. Gruppene hadde oppstart i januar 2006, og utanom Sykkylven og Ålesund hadde dei kontinuerleg drift. Det var om lag 100 lokale øvingar med rundt 130 deltakarar tilsaman i 2006. I 2007 hadde Snu nordvest 4 lokalgrupper i drift på Tingvoll, i Molde, Volda/Ørsta og Fosnavåg. Ungdommane frå Ålesund var med på øvingar i Molde og Ålesund. Gruppene fungerte godt, og dei hadde ein del fellesøvingar.

Aud Karlsbakk og Svein Are Vatnehol hadde ansvaret for gruppa i Ålesund. Vidar Underseth hadde ansvaret for gruppa i Sykkylven. Kerstin og Palmer Løkseth hadde ansvaret for gruppa i Molde, og Rune Hanem og Kirsty McKinnon hadde ansvaret for gruppa på Tingvoll. Live Karin Liaskar hadde ansvaret for gruppene i Volda/Ørsta og Fosnavåg.



Undervising på Ålesund vgs

Førestillingar

«Lykkejegeren»

Våren 2006 blei brukt til å arbeide fram folkedansrevyen «Lykkejegeren». Denne handla om korleis ein leiter etter og får testa ut ulike karrieremoglegheiter i Møre og Romsdal. «Lykkejegeren» blei laga på et skrivemøte i Trondheim i februar 2006. Sigurd Aae Klausen og Kjell Klausen saman med prosjektleiinga og dei dansefagtilsette ved Rff-sentret var med i skriveprosessen. Sigurd Aae Klausen og Kjell Klausen hadde regien.

Det blei brukt 2 helgesamlingar, 1 dagsamling og 2 øvingsdagar i Trondheim til produksjonen. 22 ungdommar var med. I tillegg dansa også Live Karin Liaskar, Gudrun Folkedal, Svein Are Vatnehol, Sabine Relling Nielsen, Sigurd Johan Heide og Kjetil Aamelfot. Det blei leigd inn 2 samtidsdansarar, Lone Torvik og Inger Malene Glette, for å sette ein ekstra spiss på førestillinga. Musikarar var Britt Elise Skram, Jonas Hoksnes og Ingunn Linge Valdal på fele og Kristoff Siem på perkusjon.

«Lykkejegeren» blei vist på Folkekulturfestivalen i Trondheim fredag 7. juli 2006, og vart sett av omlag 250 personar. Vi fekk dessverre ikkje moglegheit til å spela «Lykkejegeren» fleire gonger, men to ulike scener frå førestillinga blei vist på høvesvis «Innflytterdagen» i Molde i juli, og på eit arrangement på Tingvoll i juni. Førestillinga vart meldt av Johan Einar Bjerkem. Meldinga kom på trykk i «Ungdom» og i «Spelemannsbladet». Her fekk den heilskaplege førestillinga veldig god kritikk med påpeiking av at dansinga enno var noko ujamn, men at meldaren gledde seg til slutførestillinga.

«Tru og Utru»

Arbeidet med slutførestillinga starta i august 2006 då prosjektansvarleg Egil Bakka og prosjektleiar Sigurd Johan Heide møtte Leif og Inger Stinnerbom i Sunne i Sverige. Desse to vart involverte i slutførestillinga med Leif Stinnerbom som regissør og Inger Stinnerbom som kostymeansvarleg. Jakob

Hultcrantz Hansson var også med på møtet og blei regiassistent under Leif Stinnerbom. Forteljingane om «tru og utru» som finst i fleire versjonar, også i Møre og Romsdal, danna grunnlag for førestillinga. «Tru og Utru» handler om to systrer som kjempar ein brutal kamp mellom det gode og det onde. Arbeidet med slutførestillinga starta for alvor under helgesamlinga i Ålesund i oktober 2006, og hausten 2006 og våren 2007 vart brukt til å arbeide fram slutførestillinga.

Det vart brukt 4 helgesamlingar og 3 øvingsdagar i Molde til produksjonen. 35 ungdommar var med. I tillegg dansa også Gudrun Folkedal, Svein Are Vatnehol, Jan Olof Johansson og Kjetil Aamelfot. Musikarar var Britt Elise Skram, Jonas Hoksnes og Ingunn Linge Valdal på fele, Live Karin Liaskar på vokal, og ein av ungdommane, Sture Nordlund Vatnehol, på bukkehorn.

«Tru og Utru» hadde premiere på Molde Internasjonale Jazzfestival laurdag 21. juli 2007 i Alexandraparken. Førestillinga ble også vist på Jørn Hilme-stemnet søndag 22. juli på Leira Folkehøgskule og vart sett av omlag 700 personar. Førestillinga vart anmeldt av Arild Hoksnes. Anmeldelsen kom på trykk i «Ungdom» og i «Spelemannsbladet». Her fekk «Tru og Utru» veldig god kritikk med referansar til ein nordvestlandsk riverdance. Førestillinga og prosjektet fekk også god pressedekking i aviser i fylket.

Eiga vurdering av resultat

Prosjektleiinga er godt nøgde med resultatet med tanke på at prosjektet hadde turbulente år på grunn av økonomien i 2005. I tillegg er det gledeleg at ungdommen i Snu nordvest har halde fram med øvingane, og at fleire av dei begynte på utdanning innan dans ved høvesvis Manger Folkehøgskule og Dansevitskap ved NTNU.

Liste over medarbeidarar

Skuleturné:

Sigurd Heide og Live Karin Liaskar reiste rundt på dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal, og hadde med seg primært Britt Elise Skram på fele. Dei nytta seg også av Vidar Underseth (hardingfele), Britt Pernille Frøholm (fele), Sindre Vatnehol (fele), Liv Fritun (fele/hardingfele) og Elin Dyrskog (fele). Staben på Rff-sentret var med i planleggingsfasen.

Helgesamlingar – dans:

Prosjektleiinga:

Prosjektleiinga har drive helgesamlingane. Desse er Egil Bakka (prosjektansvarleg), Live Karin Liaskar (prosjektmedarbeidar) og Sigurd Heide (prosjektleiar). I tillegg har Erling Flem hatt undervisning på fleire samlingar.

Unge førebilete:

På alle samlingane har det vore med ei gruppe av omkring 5 unge dansarar som har tent som førebilete, miljøskaparar og hjelpeinstruktørar.

Desse har vore: Svein Are Vatnehol, Gudrun Folkedal, Sabine Relling Nielsen, Tore Jan Olof Johansson og Kjetil Åmelfot.

Lokale instruktørar:

Dei lokale instruktørane har vore med på nokre av helgesamlingane for å bli kjende med metodikk, mål og bidra spesielt med bygdedansarbeidet. Desse har vore: Kirsty McKinnon, Rune Hanem, Vidar Underseth, Kerstin Løkseth, Palmer Løkseth, Aud Karlsbakk, tillegg til Live Karin Liaskar som har hatt fleire grupper. Gudrun Folkedal og Svein Are Vatnehol har hatt nokre vikartimar i dei lokale gruppene.

Musikarar:

Britt Elise Skram (fele) har vore brukt på dei fleste helgesamlingane, og frå våren 2006 har også Jonas Hoksnes (fele) og Ingunn Linge Valldal (fele) vore med kvar gong. Nokre andre spelemenn har vore nytta.

Førestillingar:

«Lykkejegeren»:

Innstudering og regi: Sigurd Aae Klaussen

Regiassistent og ansvarleg i Trondheim:

Kjell Klaussen

Danseansvarlege: Prosjektleiinga

Gjestedansarar: Inger Marlene Glette og Lone Torvik

Musikalsk ansvarleg: Britt Elise Skram

Musikarar: Britt Elise Skram, Jonas Hoksnes, Ingunn Linge Valldal og Kristoff Siem (perk.)

Kostymering: Nina Gjølgasæther og Camilla Lilleengen, «Sus i Serken»

Dokumentasjon: Siri Mæland og Erling Flem



Prosjektleiar Sigurd Johan Heide, lokal prosjektmedarbeidar Live Karin Liaskar og musikkansvarleg Britt Elise Skram

«Tru og Utru»

Innstudering og regi: Leif Stinnerbom

Regiassistent: Jakob Hultcrantz Hansson

Kostymedesign: Inger Hallström Stinnerbom

Kostymar: saummedarbeidarar

Musikalsk leiing: Britt Elise Skram

Musikarar: Britt Elise Skram, Jonas Hoksnes og Ingunn Linge Valldal

Dansefagleg arbeid: Egil Bakka, Live Karin Liaskar, Sigurd Johan Heide, Siri Mæland og Erling Flem

Dokumentasjon: studentar ved Høgskulen i Volda, Sigurd Heide, Ola Gjendem og Egil Bakka



Nokre av ungdommane i Snu nordvest

Snu nordvest - rekneskapsoversyn

	<u>2004</u>	<u>2005</u>	<u>2006</u>	<u>2007</u>	<u>Totalt</u>
Inntekter					
Kultur- og kyrkjedepartementet	447 000	450 000	850 000	425 000	2 172 000
Møre og Romsdal fylkeskommune ****	0	0	100 000	50 000	150 000
Rådet for folkemusikk og folkedans					0
<i>Sum stønad</i>	<i>447 000</i>	<i>450 000</i>	<i>950 000</i>	<i>475 000</i>	<i>2 322 000</i>
Sal av forestilling	0	0	0	47 413	47 413
Sponsorinntekt	0	0	0	6 000	6 000
Andre inntekter (billetter, renter, m.m.)	0	0	289	13 450	13 739
<i>Sum andre inntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>289</i>	<i>66 863</i>	<i>67 152</i>
Sum inntekter	447 000	450 000	950 289	541 863	2 389 152
Utgifter					
Undervisning og administrasjon Rff *	177 882	297 664	341 833	180 526	997 905
Lokale medarbeidarar	88 930	48 702	315 628	188 070	641 330
Medarbeidarar utanfrå	0	0	87 328	97 001	184 329
<i>Sum lønskostnader</i>	<i>266 812</i>	<i>346 366</i>	<i>744 789</i>	<i>465 596</i>	<i>1 823 563</i>
Reiser ****	50 887	64 105	159 291	101 244	375 527
Diverse kostnader øvingar, samlingar, forestilling m.m.	400	10 840	157 834	162 881	331 955
Andre driftskostnader	52 248	11 232	25 058	18 436	106 974
<i>Sum andre utgifter</i>	<i>103 535</i>	<i>86 177</i>	<i>342 183</i>	<i>282 561</i>	<i>814 456</i>
Sum utgifter	370 347	432 543	1 086 972	748 157	2 638 019
Resultat	76 653	17 457	-136 683	-206 294	-248 867
Bygda dansar					
Underskot frå Fjordapuls					-50 023 **
Underskot frå Snu nordvest					-248 867
Akkumulert underskot					-298 890

Merknader:

Egil Bakka sine reiser er betalte av Rff

* Sigurd Heide si undervisning ved NTNU Videre i 2007 er trekt frå

** Korrigert for 12000 til medarbeidar utanfrå som ikkje kom med i rapporten då

**** Fylkeskommunen dekkar reisekostnader i samband med oppstartsturné m.m. i fylket i 2004 (ca 50 000) og 2005 (ca 100 000)

Snu nordvest samla, 16.10.2008



Snu nordvest

Rådet for folkedans og folkemusikk
Rff-sentret, Dragvoll
7491 Trondheim



Mål for eit lokalt ensemble

1. Å rekruttere og lære opp til eit godt teknisk og kunstnarleg nivå ei gruppe unge dansarar innafor ein lokal eller regional dansetradisjon.
2. Å rekruttere nokre få toppdansarar innafor denne tradisjonen som vil satse på dansen som del av yrkesverksemda si på lenger sikt, som frilansdansarar, pedagogar ol.
3. Å gje ungdom, særleg i bygde-Noreg, eit tilbod om å arbeide med dans på eit høgt nivå.
4. Å hjelpe fram dans som attåttnæring, ikkje minst i bygdemiljø.
5. Å gje regionen røynsle med å arbeide med kunstnarlege og sceniske uttrykk på eit godt nivå.
6. Å styrke fagkompetansen for dans i lokalmiljøet i regionen.
7. Å inspirere og styrke det vanlege, frivilljuge folkedansarbeidet.
8. Å styrke den lokale/regionale folkemusikken mellom anna ved å knyte han sterkare til dansen som han alltid har høyrte saman med.

Mål for den prosjekt drivne scena generelt

1. Å sikre at landet til ei kvar tid har gode frilans tradisjonsdansarar (dansepar) frå mange regionar som på individuelt nivå kan syne fram pardansar og halling i ulike samanhengar.
2. Å sikre at landet til ei kvar tid har eit folkedansensemble som kan presentere folkedans som ein del av kulturarven vår.
3. Å utvikle nye idear og teknikkar for presentasjon av folkedans.

Finansiert av:
Kulturdepartementet

Medfinansiarar:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Utdanningsdirektoratet

Nokre av samarbeidspartnarane våre:

Jørn Hilme-stemnet
NTNU

Møre og Romsdal Folkemusikklag
Noregs Ungdomslag
Landslaget for Spelemenn
Moldejazz

Folkekulturfestivalen

Den kulturelle skulesekken, Møre og Romsdal

Folkemusikkarkivet
Ørsta folkehøgskule
Ørsta kulturhus

